Ved slutten av tertiærtida var Danmark på lang leid ikkje ferdigbygt. Soleis var det meste av Vest- og Nordjylland enno hav.

Men den gode varmetida tok no slutt. Klimaet vart etter kvart kaldare, og ved inngangen til kvartærtida for omtrent 1 million år sidan kom den klimaperioden, som me kaller istida, og som heldt ved langt ned gjenom Europas antropologiske tid. Glasialfenomenet gav den relativt korte kvar-tærtida ei serskild geologisk interesse. Norge vart enno meir avskrapt og Danmark vidare opbygt. Men likt for begge land er det glasiale morénematerialet, som låg att etter bort-smeltingen av isen, og som er eit sermerke for naturen her nord. I denne tida steig mennesket fram til å verta hersker-slekta på Jorda.

Det er ikkje lett å peika på nokon einskild årsak til dette veldige omskifte i klima, frå subtropisk til høgarktisk. Ned-isninga av Nordeuropa gjekk ut frå Fennoskandia. Og det er naturleg å tenka seg, at når det først her vart nedisings-vilkår, måtte isen breida seg over store landvidder. Isnedslag gjev auka vilkår for meir isnedslag frå atmosfæren. Og meir nedslag er årsak til meir rørsla utover til sidane.

Der isen skreid bortover landet, tok den med seg det for-vitringsmaterialet, som hadde samla seg op gjenom lange tider, med jord, myrer og plantevekst. Alt vert rasert. Deretter grov isen på underlaget, serleg langs sprekker og kløfter, og tok med seg det, som frosten reiv laus av fjellet. Skuringsstriper etter isens slit på fjellet kan me endå sjå. Av krit- og tertiærlaga i Danmark, som er lause og ikkje mykje motstandsøre, braut isen laus store flak, flytte dei og stapla dei ihop. Soleis er den velkjende Møns Klint opbygd av krit, som isen har skuva op. Det same er tilfelle med den eocæne diatoméjorda, »Moleret«, ved Limfjorden. Det er flytt og samanfolda og ihopskuva av isen, og ingen veit, kvar det låg før istida.

Då isutbreidsla var på det største, var heile Fennoskandia og Danmark dekt av isen. Dette tidsrommet er det største av kvartærtida. Om det segjer det norske geologiske arkivet ikkje noko anna enn, at isen har gjort eit stort utgravings-

arbeid. Best kjem det fram i innsjøane, som er inntil 500 m dyp utgravne i fast fjell, og i fjordane, som er endå dypare. Berre is kann gjera eit slikt arbeid. Men det danske arkivet segjer noko meir. Me kann her sjå, at det har vore to slike store istider. For i det sydvestlege Jylland omkring Esbjerg ligg det nede i morénen havleir med skjel og innsjøleir med blad av eik og lind. Under denne leira er det etter moréne. Dette må me tyda slik, at først gjekk isen ut over Jylland og la etter seg den undre morénen. So kom det ei varm tid, isen smelta bort, havet trengde nokre stader inn over det flate landet, og på land levde so varmtelskande planter som eik og lind. Det er ei interglasialtid eller millomistid. Deretter gjekk etter isen over heile Jylland og la etter seg den øvre morénen. Om den første av desse to istidane var den første istid i det heile, veit me ikkje. Det har truleg vore ei istid med etterfølgjande millomistid før denne. Men det er den første, me kann finna merke etter i Danmark.

Desse to første istidane kann tydeleg skilast ut frå den siste istida. For i den siste istida rakk ikkje isen so langt ut. Yttergrensa for siste istida er ei veldig skuvrand, som me kann følja frå Vesterhavet litt syd for vestenden av Limfjorden, Nissum Bredning, mot aust til Hald sjø sydvest for Viborg, og derifrå sørover gjenom heile Jylland, Slesvig og Holstein. (Sjå kartet fig. 3). Denne merkelege israndlinja, den sokalla stagnasjonslinja, er det mest framtredande drag i Jyllands morfologi. Aust for linja er landet utforma og tildeles ogso opbygt i siste istid. Det har derfor tydeleg og forhalsvis fersk glasialmorphologi med skuvrender og åser, daler og fjorder. I forhold til det er landet vest for linja gammalt land, som har vore overflate, urørt av is, frå næst siste istid, also gjenom siste millomistid og siste istid. I denne lange tida vart det glasiale reliefet utjamna og utflata, serleg i siste istid, då ei veldig masse med elvesand vart avsett utanfor isranda, som skal verta omtala seinare.

Som før nemnt viste leiret ved Esbjerg, at det hadde vore ei varm millomistid millom dei to første, store istidane. Millom den andre og den tredje, dei to siste istidane, har det

ogso vore ei varm tid, den siste millomistida. Avleiringer frå denne tida kann me finna vel forvara utanfor den siste istids stagnasjonslinje, der ingen isbre har kunna rota dei op. I Vestjylland er det ei mengd med slike interglasiale avleiringer, leir, gytje, dy og torv, avsette i vatn og myrer,




Fig. 2. Skjematisk profil frå Esbjerg mot NA gjennom Jylland til Kattegat.

Høgder er teikna 100 gonger større enn lengder. Lengst i SV ligg på tertiarformasjonen den eldste danske istidsavleiring Gl. 1. Derover ligg den eldste danske interglasile avleiring I.-gl. 1, »Esbjerg Yoldialer«, som underst har skal av ishavsmuslingen *yoldia arctica*, men høgare opp har ein meir boreal fauna, og i ferskvatnavleiringer er det blad av eik, lind og andre varmetre. Derover ligg morénen frå den andre danske istida Gl. 2, som etter er dekt av den siste interglasialtids avleiringer I.-gl. 2. I dette profilet er desse siste mest torvmyr- og innsjøavleiringer, i NA ogso havavleiringer. På det varmaste var denne tida omrent so varm som den postglasiale varmetida, me hadde i steinalderen, men midt i den var det ei kaldare tid. I NA er dei interglasiale laga dekte av den siste istids moréne, som rekk litt forbi Silkeborg og Himmelbjerget (sjå kartet fig. 3). Utan for randa av morénen i SV har breelvane avsett hedesand, men mange stader står »Bakkeører« av gammal moréne op. Postglasiale avleiringer er det både på land og i hav. I profilet er berre tatt med havavleiringane. I SV kann ein finna dei berre under sjøen, fordi landet her ikkje har stige etter istida. Men i NA har landet stige etter istida, og derfor ligg noko av dei postglasiale laga på land slik som i Norge. Det er to tydelege terrasser etter tidlegare havnivå, yoldiaterrassen Y frå seenglasial tid, og tapes-terrassen (ogso kalla littorinaterrassen) T frå den postglasiale varmetida i steinalderen.

som det har vore mange av i morénelandet. Dei er av stor interesse for vårt kjennskap til denne tida. Ei slik interglasial avleiring, f. eks. ved Herning ute på den jydske Hede, har eit undre og eit øvre lag med rester etter varmekjære planter, eik, lind, hasl, og nokre planter, som no ikkje meir veks so langt nord, f. eks. *trapa natans*. Det har soleis vore

varmare enn i notida. Men millom desse to laga frå varmetider er det eit lag med berre kuldeplanter. Den siste millomistida var altso delt i to varmetider med ei kald tid i midten. Den kalde tida var ikkje nokon istid. Men det er truleg, at det i Norge var mykje snø og is i denne millomtida.

Over det interglasiale laga i Vestjylland ligg oftest sand, som dels har sige ned frå dei gamle morénehaugane, dels er førd med breelvane i siste istid. Denne breelvesanden dekker, som det før er sagt, store vidder i Vestjylland, fyller op låglandet og gjerer derved landet endå flatare. Det er den jydske Hede, desse vide flate lyngheiane, som langt ute møtast med Vesterhavet. I denne skrinne sandjorda veks ikkje stort anna enn lyng og reinlav, og ingen skog stenger for vestanvinden, som stryk havlufta bortover lyngheia. Nokre stader står gamalt moréneland op gjennom sanddekket i låge hauger, som dei kaller Bakkeører, og her kann ein finna mykje norsk stein, som breen i næstsiste istid, kanskje også før, tok med seg frå Norge. Landet har mykje sams med Jæren, men minner også ofte om norsk fjellvidde, Hardangervidda eller Finnmarkvidda. Like til midten av førre hundradåret låg Hedenlandet audit og folketomt. Berre sigøyner og allslags fanter ferdast der, »Kjeltringer«, som me kjenner frå Blichers skildringer for hundrad år sidan. No er store deler av Heden lagt under kultur, dels tilplanta med kvitgran og buskfuru til le, dels dyrka til eng. Tapet av Sønderjylland i 1864 gjorde mykje til å fremja denne kolonisasjonen i Vestjylland.

Ogso aust for stagnasjonslinja kann ein her og der finna interglasiale lag, som isen har spart og late ligge att, men oftest dekt med moréne.

Det er også kjende havavleiringer frå siste millomistid. I det sydvestlege Danmark ligg dei fossilførande Eem-avleiringane¹⁾ over heile Sønderjylland og vidare nedover Tyskland, Nederland og Belgia. Det viser, at Jylland i denne tida var ei øy.

¹⁾ Opkalt etter den nederlendske elva Eem (uttala som stavingsord E-em).

Ei anna interessant havavleiring frå siste millomistid er funne ved ei djupboring på Skærumhede i Vendsyssel, 10 km vest for Fredrikshavn. Dei bora 200 m gjenom kvartære lag og kom so ned på kritformasjonen. Det ligg altso her ikkje noko av tertiärformasjonen. Det underste av kvartærformasjonen er gamal moréne, 15—20 m tjukk, opbygt av materiale frå Øystersjøområdet, ført med ein baltisk isstraum i slutten av næstsiste istid. Derover ligg ei 123 m tjukk havavleiring frå siste interglasialtid. Underst har denne avleiringa berre arktiske dyreformer. Etterkvart kjem fleir og fleir sydlege former, slike som no lever ved Norges vestkyst. Men i dei øvre laga er det atter arktisk fossil, som viser, at klimaet no vårt kaldare. Det var den siste istida, som kom. At isen nærma seg, kann me også sjå av det, at det kjem meir og meir stein i leirlaga. Steinane må vera komne med drivande is frå den skandinaviske innlandsisen, som på den tida har gått ut i sjøen. Øverst ligg sidste istids lag, som opbygger det meste av landet i det nordlege Jylland, og her i borholet på Skærumhede er 57 m tjukt.

Som me høyrd, trengde isen i siste istid fram frå Skandinavia over Skagerak og Kattegat innover Danmark so langt som til stagnasjonslinja i Jylland. I lang tid stod isranda her og har i denne tida gått att og fram, som brerender alltid gjerer, og har lagt op veldige morénemasser. Smeltevatnet under isen vart pressa op over desse morénemassane, flaut som breelver ut over Vestjylland og la her etter seg Hedesanden. Sanden vart teken med frå aust, der smeltevatnet under trykk grov ut daler under isen, subglasiale daler eller tunneldaler. Nederst ligg desse dalane ofte under havet og er fjorder. Det er ei rekke slike fjorder med innanforliggende daler i Austjylland frå Mariagerfjord i nord til Flensborgsfjord i syd. Likesom dei norske fjordane og dalane er dei utforma glasialt, men ikkje på same måten som i Norge. For i Danmark gjekk isen frå havet innover og oپover land, og fjordane og dalane vart utgravne av vatn under eit flatt isdekke, medan dei norske er utgravne av dalbreer, som trengde ned gjenom dalane til sjøen.




Fig. 3. Kart, som viser både dei gamle geologiske formasjonane, nokre kvartære israndlinjer (endemoréne- eller skuvrandlinjer) og den resente kystlinja.

På kartet er avmerkt den geologiske formasjonen, som ligg nærmast under kvartærformasjonen. Den formasjonen, som er avmerkt, har

Forts. næste side.

Isen frå Skandinavia har naturleg gått i ein stor straum ut Skagerak. Ein annan straum følde Kattegat. Skillet millom desse to isretningane gjekk over Viborg og Hald sjø i Jylland, der israndlinja bøyger om frå vest-austleg til nord-sydleg retning.

Innanfor denne ytre israndlinja ligg den eine israndlinja etter den andre nordover og austover Jylland og vidare på Fyn, Sjælland og dei andre øyane. Dei svarer til stillstandsperioder, som regel ogso framskridningsperioder, i siste istids avsmeltingstid. Dei kann vera veldig moréner, soleis det 157 m høge Himmelbjerget sydaust for Silkeborg og Ejer Bavnehøj, som med sine 172 m er det høgaste i Danmark.

Studiet av avsmeltingsstadia har lært oss noko, som er av stor interesse. Den siste breen, som nådde Danmark, kom ikkje frå nord, men frå aust ut Østersjøen. Det viser både skuringsstripene og det materialet, isen førde med seg. Denne siste isstraumen har ført stein frå Ålandsøyane ut heile Østersjøen og vidare vestover og nordover Sjælland og Jylland, der ein kann finna slik Stein i mengd, ja like til Lista og Jæren. Serleg er ein raud kvartsporfyr ofte å finna og lett å identifisera.

Denne flyttinga av istyngda frå vest mot aust ser ut til å ha vore ein fast regel for alle istidane. Og ved nærmare

Forts. fra forr. side.

derfor ikkje noko med den kystlinja å gjera, som den på kartet er teikna saman med. Serleg for store deler av Danmark er det berre kvartærformasjonen, som ligg over havet og utformer kystlinja, og mykje av det, som er teikna inn som geologiske formasjoner på land, ligg under havflata. Det er gjort slik for å visa so mykje som mogeleg med eit kart. Saman med dei to profila fig. 1 og 2 vil det gje eit bilete av, korleis den øverste delen av jordskorpa her er bygd. På kartet er ogso teikna inn israndlinjer frå 3 stadier av isutbreidsla i siste istid. 1 er stagnasjonslinja, som viser maksimalutbreidsla avisen. 2 er ei israndlinja frå tida for den baltiske isstraumen, og 3 er israndlinja for ratida. Desse linjane er teikna etter den meinинг, som no er den vanlege. Men som det før er sagt, er det god grunn til å tru, at raet er eldre enn den baltiske isstraumen, og at me derfor må tenka oss ralinja ned gjennom Båhuslen og ut i Kattegat utanfor linja for den baltiske isstraumen.

ettertanke er det heilt naturleg, at det må vera slik. Nedisinga begynner med, at det legg seg snø og is i dei norske fjella. Snøen kjem med havvinden, som vert avkjølt, når den stig op. Ettersom det legg seg meir og meir snø, vert dei undre laga til is, som skrid i jøkler utover til sidane. Mot vest vil dei gå lettast ned og snart nå havet. Men i aust vil isen samla seg op i større og større mengd, og dermed flytter istyngda seg austover mot Øystersjøen og Botnhavet. Kvar istid har endt med ein baltisk isstraum.

Den baltiske isstraumen, som avslutta siste istid, svinga rundt sydenden av Sverige og gjekk vidare nordover Sjælland og ut i Kattegat. Skuringsstripane viser, at isen her har gått beint mot nord. Underleg nok gjekk altso i denne tida isen frå Danmark mot Norge, tvert imot den vegen, isen gjekk i førstninga av istida, og der ein mest tenker seg, at isen har gått.

Når isen skrid bortover land, serleg når den vert skuva op bakke slik som over Sjælland, vil den gjerne verta pressa ihop flak over flak, og kvart flak vil grava med seg materiale frå underlaget, som soleis vert innleira i isen.

Den isen, som gjekk nordover Danmark, tok derfor mykje dansk Stein med seg. Bergartane i tertiar- og kritformasjonen er mest lause og vil ikkje kunna halda seg i lang tid mot slit og forvitring. Men Danmark har og eit steinslag, som er serleg hardt og motstandsført. Det er flint. Flint ligg som inneslutninger i krit. Det er konkresjoner av kiseltsyre utfellt kjemisk i karbonatbergarten før den vart herda.

Isen med sitt innhald av flint gjekk vidare ut i sjøen og vart brote sund og dreiv som flak og isfjell med vind og straum i Kattegat og Skagerak. No og då kom is frå Danmark heilt fram til Norge og la flint etter seg, når den smelta. Det er det einaste tilfelle, me kjerner av materialtilførsel frå Danmark til Norge. Elles var Norge no som før eit degradasjonsområde, som gav materiale frå seg, medan Danmark også i istida før det meste var eit aggradasjonsområde. Langs Norges kyst so langt nord som til Vesterålen ligg det dansk flint op til ei viss høgd over havet. Det viser, at flinten kom

hertil i ei tid, då havet stod høgare op i forhald til land enn no.

Kva tid dette var etter norsk tidsrekning, veit me ikkje sikkert. Det er store mengder av flint omkring Oslo. Det er derfor sikkert, at det kom flint frå Danmark til Norge, etter at Oslo var isfri, also etter ratida¹⁾.

Ra-tida er opkalla etter den store skuvranda, raet, som me i Norge kan følja gjennom Austfold litt ovanfor Halden, Sarpsborg og Moss og vidare gjennom Vestfold over Horten og Larvik til Mølen, det ytterste neset aust for Langesundsfjorden ved Nevlungen i Brunlanes. Herifrå ligg det utanfor kysten, inntil det atten kjem iland ved Arendal og Grimstad. Vidare kann me ikkje følja det som eit samanhengande ra, fordi landet er so sundskore i daler.

Raet er den eldste store israndlinja, som viser oss grensa for isdekket i ein periode under isavsmeltingen i Norge. Det er ei overføring til norsk grunn av den serie av randmoréner, som begynner med den store skuvrande i Jylland.

Det er vanleg å samanstella det norske raet med randmorénane gjennom Sverige til Stockholm og videre mot nord-aust gjennom Finnland millom Åbo og Helsingfors.²⁾ Etter det skulde det ikkje ha gått nokon isbre ut Østersjøen over Sjælland og ut i Kattegat etter ratida. Den flinten, som ligg innanfor raet, kan då vera komen med vinteris, som har tatt flint med frå stranda og har rekt nordover Kattegatt inn Oslofjorden. Men slik is kann ikkje gå like til Vesterålen. Den flinten, som er komen so langt, må vera førd med isfjell frå Østersjøbreen. Det er ikkje sikkert, at all denne flinten er komen i siste istid. Det kann også ligga flint att frå den

¹⁾ Det vilde vera av interesse for klårgjeringa av dette spørsmålet, om folk vilde senda meldinger om flintfund til underskrivne, H. Rosendahl, Geologisk museum, Trondheimsvegen 23, Oslo. Av størst viktigkeit er dei, som ligg høgst og lengst inne i landet, og dei nærdste. Det må også verta opplyst, kor djupt flinten ligg i jorda, og kva slag materiale, den ligg i, moréne, leir, grus, myr, skredjord o. s. v. Best er det å senda med ei prøve av flinten.

²⁾ Denne samanstellinga er langtfrå sikker. Men me har enno ikkje nokon annan som er meir sikker.

baltiske isstraumen ved slutten av næstsiste istid. Men det er klårt, at flint, som ligg i overflatematerialet, ikkje inne i moréne, må vera komen, etter at isen gjekk bort for siste gong. Flinten i Oslofjorden innanfor raet må soleis vera komen der etter ratida. Det er derfor mykje, som taler for, at raet er eldre enn den baltiske isstraumen.

I den første tida etterat isen var smelta bort i Danmark og den ytre parten av Skandinavia, var det enno arktisk klima, og morénegrunnen vart til tundra. Ordet tundra skriv seg frå det kvenske ordet tunturi, på finsk duoddar, på norsk svarer det nærmest til fly. Det er utplanert istidsgrus med eit tynnt plantedekke av lav og nokre gras- og lyngvekster, hist og her små vidjer, dvergbjørk og multer. Ein typisk tundraplante er den vakre *dryas octopetala*. Den er vanleg å finna fossil i avleiringer frå denne tida, som dei i Danmark kaller tundratid eller dryastid. På tundraen trakk reinen nordover på sommarbeite, og etter reinen føljde dei jagande dyra, ulv og menneske, på sommarveiding.

I den danske dryastida var det enno mykje is i Norge. I dryastidas lag i Danmark er det eit lag frå ei varmare tid, som dei i Danmark kaller Allerødtid, då bjørk og osp levde i Danmark. Deretter vart det atten kaldare i yngre dryastid. Kor langt isen gjekk tilbake i Norge i Allerødtid, veit me ikkje. Men me kjenner mange stader i Norge fossilførande havsediment, avleira etter siste istid, men dekte av eller innleira i yngre glasiale sediment. Dei kann svara til Allerødlaga i Danmark. Den kaldare tida etterpå, då det yngre bre- og breelvegruset vart avsett, skulde då svara til yngre dryastid i Danmark.

Då isen for siste gong smelta bort i Danmark og Norge, var dei to landa stort set ferdig forma. Men det tok endå lang tid, før ny jamveksttilstand vart stabilisert etter den svære islasten, som hadde pressa landa ned. Denne nedpressinga var mykje større i Norge enn i Danmark. I Norge har me funne den øverste strandlinja 220 m o. h. ved Oslo, i Danmark 56 m o. h. ved Fredrikshavn. So høgt stod havet, då isen smelta bort, og so mykje har landet stige etter istida.

I det søre Danmark har det ikkje vore nokon stiging, tvertimot tildels læging.

For tida etter den siste istida har me ogso i Norge materiale til å studera historia og er ikkje berre avhengige av historiske dokument frå andre land. Det kvartærgeologiske arkivet har me i det glasiale reliefet, skuringsstripene, glasiallavleiringane, hav- og strandavleiringane, innsjøavleiringane, torvmyrane, kalktuffane og heile det postglasiale erosjons- og forvitningsarbeid og oplagring av moldjord. I dei geologiske laga kann det ligga fossil av planter og dyr, for den yngre tida ogso rester etter menneskeleg verksamheit. Historia etter istida er eit stort kapitel for seg sjølv, og eg vil ikkje gå nærmare inn på det her. Kjeldeskrifta fortel oss, at utviklinga etter istida har gått gjenom skiftande klimaperioder. Allerødosillasjonen er berre eit eksempel på eit ålment fenomen. I store trekk er det slik, at etter den arktiske tida kom den boreale tida, då klimaet vart varmare. So kom den varme, fuktige atlantiske tida og den varme tørre subboreale. Det var då varmare enn no, og i Danmark levde den varmekrevande planta *trapa natans*, som ogso levde der i varmetida før istida men no ikkje lever so langt nord som til Øystersjøen. I Norge hadde på same måten dei varmekjære plantane, slike som eik, alm og hasl, større utbreiding enn no, og furua strekte seg mange stader samanhengande frå austlandet til vestlandet, der det no er snaufjell imillom.

I denne varmetida, som arkeologisk er yngre steinalder og bronsealder, breidde fastbuande menneske seg ut over dei nordiske landa. Kor mykje i vår rase og kultur, som har sitt ophav i denne tida, veit me ikkje. Vår kulturtradisjon går ikkje so langt tilbake. Ved inngangen til jernalderen kom eit klimaskifte til ei kaldare og våtare tid, den subatlantiske. Då breidde bøka seg i Danmark og grana i Norge som skogtre og gjorde dermed stor forandring i naturforhalda. I folkevandringstida vart det eit stort omskifte av folk. Me kjem inn i den nordiske kulturs forhistoriske, mytiske tid, og ut av den stig den historiske tradisjonen, som fører fram til våre dager.

Småstykker.

Kjempe-einer (*Juniperus*) i **Bjordal, Sogn.** I samhøve med ymse småstykke her i „Naturen“ um store einer-tre kring um i landet vårt, sender eg hermed eit bilet av eit av våre største. Eineren stend i utmarki til Lasse E. Osland, Bjordal. Det var konservator James Grieg ved Bergens Museum, som i 1928 fortalte meg um dette treet, som ruvar upp i lendet som




Fig. 1. Kjempeeineren på Osland
i Bjordal, Sogn.

eit furutre og er synberr langt ute frá Sognefjorden. I sanning ein fager einer! Utskiftningsassistent J. Jensen, Bjordal, hev vore gild og fotografert treet og teke nokre mål: Rundmål ved rot = 2,23 m, 1 m yver marki = 1,82 m. Høgd av treet 12,9 m. Frá marki til greinkransen 2,55 m. Eineren veks umlag 200 m y. havet.

Med det same nyttar eg høve á rita ned eit par andre frásegner um svære einertre pá Vestlandet; dei er diverre nedhogne for fleire ár sidan. Meldingane er frá litande folk, som hugsar trei.

Ein uvanleg stor einer vaks på „Stadlane“ i utmarki til Dalseide ved Bolstadfjorden, Brudvik herad. Han vart hoggen for umlag 25 år sidan. Av ei sidegrein og two toppgreiner fekk dei 3 hesjestaur, og av sjølve leggen fekk dei frisk, fin stavmaterial til desse mjølke-kjerald, som vart laga: Two 20 liters mjølkebøtter, two 12 liters og two 6 liters. Nokre av kjeraldi er endå til på bruket. (Melding frá Enevald J. Dalseide 1929).

Den sværaste eineren folk minnest i Sørfjorden, Hardanger, vaks på Trones, Utne, Kinsarvik herad. Han vart hoggen for umlag 20 år sidan. Rotstokken vart skoren til vanlege bord og fleire vart på 12“ breidde. Fleste av bordi vart nytta til grind yver bygdavegen. Grindi hev vore til ganske nyleg (melding fra Johs. Utne 31/5 1929). *Olaf Hanssen.*

„**Kaldehola**“ i **Gudvangen**. I „Naturen“ og andre tidskrifter hev ymse gonger vore skriven om kalde holer, der vatnet — kjelta — held seg iskalde og vatnet jamvel frys til is midt på varmaste sumaren. — I Hordafylket er desse kaldholone velkjende. Serleg i Sørfjorden er der fleire slike. I summarvikone vert dei nytta til å lagra ferske matvaror i. Dei mest namngjetne og umskrivne er dei kalde kjeldor i Osa i Hardanger.

I „Norges land og folk“, b. XIV, Nordre Bergenhus amt 1901, nemner professor Helland s. 174 two slike kaldholor for dette fylke på gardane Hæreid og Volddal i Aardal. Her skal me nemna ei tredje kaldehola som finnes på Henne bruk

Fig. 2. Opningen til
»Kaldehola«, Gudvangen.



i Aurland nær Skjærping bru på vegen Gudvangen—Stalheim, og som so langt attende i tidi hev vore nytta til á gøyma ferske matvorer — serleg fersk laks — um sumaren. I dei siste ári hev jordhola vore nytta til á lagra fersk kjøtmat til rævefor for rævegardane.

Denne hola er ellest liti. Opningen er $\frac{1}{2} \times \frac{1}{2}$ m og umlag 2 m djup. Ho ligg ved foten av ei svær fjell-ur, berre 13 m. y. havet og 25 m ifrá elvi, som renn etter Nærødalens. På botnen kann islaget liggja heilt fram til september månad — sume år.

Vetterstider bránar snojen alltid umkring kjeldeopet.

Kring opningen veks Fjell-Marikápa (*Alchemilla alpina*). Andre vokstrar var inkje á sjá (4. august 1932).

Eg bad hoteleigar O. L. Hylland, Gudvangen, mæla temperaturen for ei tid frametter. Det hev han gjort og sendt meg desse upptekninga:

1933.	$\frac{4}{1}$	÷	1 °C	1934.	$\frac{28}{9}$	+	3 °C
	$\frac{16}{1}$	÷	1 "		$\frac{15}{10}$	+	2 "
	$\frac{29}{1}$	÷	1 "		$\frac{12}{11}$	÷	1 "
	$\frac{19}{2}$	÷	8 "		$\frac{19}{12}$	÷	1 "
	$\frac{5}{3}$	÷	1 "					
	$\frac{18}{3}$	÷	1 "	1935.	$\frac{8}{1}$	÷	6 "
	$\frac{26}{3}$	÷	2 "		$\frac{9}{2}$	÷	5 "
	$\frac{16}{4}$	÷	1 "		$\frac{17}{3}$	÷	5 "
	$\frac{14}{5}$	0	"		$\frac{9}{4}$	÷	2 "
	$\frac{18}{6}$	+	1 "					
	$\frac{10}{7}$	+	1 "					

Olaf Hanssen.

Temperatur og nedbør i Norge.

(Meddelt ved B. J. Birkeland, meteorolog ved Det meteorologiske institutt).

September 1935.

Stasjoner	Temperatur						Nedbør				
	Mid-del	Avv. fra norm.	Max.	Dag	Min.	Dag	Sum	Avv. fra norm.	Avv. fra norm.	Max.	Dag
Bodø	° C	° C	° C		° C		mm	mm	%	mm	
	7.8	— 0.3	15	16	— 1	26	72	— 37	— 34	18	21
Tr.heim	9.2	— 0.2	18	1	— 1	28	62	— 20	— 24	12	17
Bergen (Fredriksberg)	11.6	+ 0.4	22	2	6	26	235	+ 32	+ 16	27	23
Oksøy	12.6	+ 0.3	17	7	6	27	148	+ 73	+ 97	27	16
Dalen	10.0	— 0.4	19	1	3	10	162	+ 89	+ 122	34	18
Oslo.....	11.1	— 0.2	19	3	2	28	147	+ 86	+ 141	24	23
Lillehammer	8.1	— 1.1	18	15	— 2	28	92	+ 39	+ 74	12	26
Dovre	5.9	— 0.7	18	1	— 2	12	48	+ 15	+ 45	13	17

NATUREN

begynte med januar 1935 sin 59de årgang (6te rekkes 9de årgang) og har således nådd en alder som intet annet populært naturvidenskapelig tidsskrift i de nordiske land.

NATUREN

bringer hver måned et *rikt og allsidig lesestoff*, hentet fra alle naturvidenskapens fagområder. De fleste artikler er rikt illustrert. Tidsskriftet vil til enhver tid søke å holde sin lesekrets underrettet om *naturvidenskapenes viktigste fremskritt* og vil dessuten etter evne bidra til å utbre en større kunnskap om og en bedre forståelse av vårt *fedrelands rike og avvekslende natur*.

NATUREN

har til fremme av sin oppgave sikret sig bistand av *tallrike ansette medarbeidere* i de forskjellige deler av landet og bringer dessuten jevnlig oversettelser og bearbeidelser etter de beste utenlandske kilder.

NATUREN

har i en rekke av år, som en anerkjennelse av sitt almennyttige formål, mottatt et årlig statsbidrag som for dette budgettår er bevilget med kr. 800.

NATUREN

burde kunne få en ennu langt større utbredelse, enn det hittil har hatt. Der kreves *ingen særlige naturvidenskapelige forkunnskaper* for å kunne lese dets artikler med fullt utbytte.

NATUREN

utgis av *Bergens Museum* og utkommer i kommisjon på *John Griegs forlag*; det redigeres av prof. dr. *Torbjørn Gaarder*, under medvirkning av en redaksjonskomité, bestående av: prof. dr. *A. Brinkmann*, prof. dr. *Oscar Hagem*, prof. dr. *B. Helland-Hansen* og prof. dr. *Carl Fred. Kolderup*.

Fra
Lederen av de norske jordskjelvsundersøkelser.

Jeg tillater mig herved å rette en inntrengende anmodning til det interesserte publikum om å innsende beretninger om fremtidige norske jordskjelv. Det gjelder særlig å få rede på, når jordskjelvet inntraff, hvorledes bevegelsen var, hvilke virkninger den hadde, i hvilken retning den forplantet sig, og hvorledes det ledsagende lydenomen var. Enhver oplysning er imidlertid av verd, hvor ufullstendig den enn kan være. Fullstendige spørsmålslist til utfylling sendes gratis ved henvendelse til Bergens Museums jordskjelvsstasjon, hvortil de utfylte spørsmålslist også bedes sendt.

Bergens Museums jordskjelvsstasjon i mars 1926.

Carl Fred. Kolderup.

Nedbøriakttagelser i Norge,

årgang XXXX, 1934, er utkommet i kommisjon hos H. Aschehoug & Co., utgitt av Det Norske Meteorologiske Institutt. Pris kr. 2.00.

Dansk Kennelklub.

Aarskontingent 12 Kr. med Organ *Tidsskriftet Hunden* frit tilsendt.

Tidsskriftet Hunden.

Abonnem. alene 6 Kr. aarl.; Kundgjørelser opt. til billig Takst. Prøvehæfte frit.

Dansk Hundestambog. Aarlig Udstilling.

Stormgade 25. Aaben fra 10—2. Tlf. Byen 3475. København B.

Dansk ornitologisk Forening

er stiftet 1906. Formanden er Overlæge I. Helms, Nakkebølle Sanatorium, Pejrup St. Fyen. Foreningens Tidsskrift udkommer aarlig med 4 illustrerede Hefter og koster pr. Aargang 8 Kr. og faas ved Henvendelse til Kassereren, Kontorchef Axel Koefoed, Tordenskjoldsgade 13, København, K.